



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Klikk her for å skrive inn tekst.	

Sakshandsamar:	Sektor helse og omsorg	Terje Sætre
	Arkivnr.: 15/3710	Klassering:

Søknad om salsløyve alkohol - Matkroken Knarvik

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av alkohollova §§ 1-4 b, 1-7a, 1-7b, 3-1 2.ledd får firma Tre-Spirer as, org.nr. 916 791 097 , løyve til sal av alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol på følgjande vilkår:

- Sal ved utsalsstaden Matkroken Knarvik, Kvassnesvegen 2, 5914 Isdalstø.
- Salsløyve for alkoholhaldig drikk med høgst 4.7 volumprosent alkohol.
- Periode: 15.04. – 30.06.2016.
- Styrar: Knut Ole Tredal, f. 30.05.78.
- Avløyser: Jorunn Ekse, f. 01.02.53 .
- Butikklokalets areal inkl. lager: 216 kvm.
- Verksemda må ha godkjenning frå Mattilsynet.
- Salstida følgjer gjeldande forskrift om salstider i Lindås kommune.
- Brannsikkerheitsmessige forhold må vere forsvarlege og i samsvar med brannforskriftene.
- Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for løyvegevar som kan ha konsekvens i forhold til dei vilkår løyvet er gitt på.

Klage

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til fylkesmannen, jfr. alkohollova § 1-16.

Høvet for klage må nyttast før det kan bli reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månader frå det tidspunkt underretning om klageavgjerd er kome fram til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13.august 1915 nr. 6 § 435

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i Kontrollutvalet for alkohol.

Saka skal avgjerast i Formannskapet

Uttale frå Kontrollutvalet for alkohol¹ – møte 08.04.2016

Kontrollutvalet for alkohol slutta seg samrøystes til rådmannens framlegg i saka.

Bakgrunn

Søknaden gjeld salsløyve alkohol for ei ny verksemd i kommunen.

Salsstadens driftskonsept er «Tilbake til røttene» - den store gode kjøpmannsdissen, med stort innslag og prioritet av lokale varer. Her vil den einiskilde lokale produsent frå Nordhordland og Vestlandet få høve til å selje alkoholhaldig drikk (gruppe 1) og lokalt produserte matvarer, og ha eit utstillingsvindu og ein plass til å selje sine varer.

Selskapet har innkjøpsavtale med Coop Norge as, og vil profilere seg som Matkroken Knarvik og Hjelle bakeriutsal, med eigen francise avtale med Coop Norge as

Vurdering

Utsalgsstadens varesortiment er butikkdrift med daglegvarer. Det som skiller denne butikkens driftskonsept frå andre salsstader i kommunen er den sterke vekten på lokalproduserte varer, både alkoholhaldige varer og matvarer (egg, kjøtt m.v.).

Dei som leverar lokalprodusert alkohol til butikken må ifølgje alkohollova § 6-1 «Tilvirking av alkoholholdig drikk» ha løyve av helse- og omsorgsdepartementet (delegert til Helsedirektoratet) til å tilvirke drikken.

Salsstadens driftskonsept blir vurdert å falle innanfor retningslinene for tildeling av salsløyve alkohol i kommunen.

Verken sosialtenesta, politiet eller skattemyndigheitene har merknader til søknaden.

På denne bakgrunn rår rådmannen til at søknaden blir innvilga.

¹ Samtlege tre medlemmer møtte: Stina V. Mongstad (AP), Arild Stangeland (KRF) og Nina Øvreås (FRP).

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost